



HK Hausten har ved fleire høve vore attende i Uskedalen og Kvinnherad.

Johannes Sunde og Kristian Bringedal har over mange år samla informasjon om skuter frå eller med tilknytning til Uskedalen. Det heile tok til etter ein avisartikkel i Kvinnheringen i 1979 om Sandajekto, MJ Signy, med eigar Mandius J Myklebust med fleire. Registreringa og innsamla stoff vil koma i eigen artikkel om ulike farty tilhøyrande Concord Canning Co og elles i privat eige.

Her berre kort om Mk Hausten

I register over merkepliktige fiskefarty har Hausten merke H 12 K
H står for Hordaland. K står for Kvinnherad (Kvinnherad merkedistrikt)

Fartyet er 61 fot og er bygd i 1918 i Ølve for partreiarlaget
Erik K Hammerhaugi Vikane. Motor: Avance 30 hk. Frå 1927: 40 hk Rubb (Wichmann)
Concord Canning Co (CCC) kjøpte Hausten i 1925 og namnet vart Concord 2.

På folkemunne gjekk skuta berre for Hausten.
Hausten vart brukt til føring av brisling og sild til hermetikkfabrikken
i Uskedalen og Stavanger, føring av hermetikk frå Uskedalen til
Stavanger og emballasje i retur.
Mange minnest at Hausten vart brukt til turar på ulike stemne.

Mikkjel Myhre førte Hausten i perioden 1925 - 1941.
Etter det var Sverre Sunde førar fram til 1948.

Fartyet vart seld i 1956 til Kolbeinsvik i Austevoll.
Etter det har skutaskifta eigar mange gonger, men har dei siste åra vore i aktiv teneste i Moss som seglfarty.

Johannes Sunde og Kristian Bringedal er takksame om de har bilete og anna arkivstoff om farty frå og med tilknytning til Uskedalen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Kjelde: Johannes Sunde